

# NOTAT

Oppdragsnavn **Stord grense**  
Prosjekt nr. **1350042678**  
Kunde **Vestland fylkeskommune**  
Notat nr. **VA-1**  
Versjon **1**  
Til **Anne Lise Sæterdal**  
Fra **Anne Grete Sælensminde Rygg**  
Kopi **Thy Pham**

Utført av **AGRY**  
Kontrollert av **THPH**  
Godkjent av **ALSA**

## 1 Innleiing

Dato 26.10.21

Fylkesveg 545 er i dag einaste omkøyningsveg for E39, ein viktig tilkomstveg for beboarane på vestsida av Stord og lokalveg for trafikken mellom Sagvåg og Fitjar. Reguleringsplanen for utbetring av veg omfattar området langs fv 545 frå Rundhaugtjørna i Fitjar kommune til forbi Mjåbekkbrotet i Stord kommune.

Rambøll Bergen har utført synfaring i området for å kartlegge eksisterande situasjon og planlegge ny løysing for drenering og overvatn ved utbetring av fylkesvegen.


Statens vegvesens vegkart oppgir årsdøgntrafikk på 1500 bilar basert på år 2019. Det er vurdert at det ikkje er behov for rensing av overvatnet frå vegen.

Rambøll  
Folke Bernadottes vei 50  
PB 3705 Fyllingsdalen  
5845 Bergen

T +47 55 17 58 00  
F +47 55 17 58 10  
<https://no.ramboll.com>

## 2 Eksisterande situasjon

Eksisterande veg i planområdet har ein litt eldre standard enn dagens krav gitt av Statens vegvesen. Det er opne grøfter og det er lite areal sett av til desse grøftene. Det er funne stikkrenner gjennom og langsgåande på strekninga ved å nytte vegkartet til Statens vegvesen. På gjennomført synfaring er alle stikkrenner lokalisiert og undersøkt. Dimensjonane på stikkrennene ser ut til å stemme med registrert dimensjon i kartgrunnlag, men ved detaljprosjektering bør ein likevel kontrollmåle dimensjon på stikkrennene.



**Figur 1 – Oversikt over stikkrenner på eksisterande fv 545 – frå Rundehaugen i nord, henta frå Statens vegvesen sitt vegkart.**


Ved synfaring i terrenget ser det ut til at alle dei undersøkte stikkrennene har tilstrekkeleg dimensjon; for tilrenning frå området i overkant av vegtrase samt avrenning frå vegbane. Det er ikkje gjort overvassberekingar i denne fasen av prosjektet, dette bør gjerast ved detaljprosjektering i byggeplan. På teikningane GH001 og GH002 er eksisterande stikkrenner plassert så nøyaktig som mogleg, basert på observasjonar og bilder ifrå synfaring. Ved utarbeiding av byggeplan må stikkrennene koordinatfestast ved innmåling og dimensjonane kontrollmålast.

Ved pel ca 1300 (ny veg) er det kulvert for vatn frå myr. På befarringsdag i juni etter relativt lang finveirsperiode sig det fortsatt vatn frå myr mot kulvert. Bilde 3 og 4 viser området ved myr og kulvert på DN1200.

Det er fleire nedbørsfelt som krysser eksisterande veg. Det største nedbørsfeltet er cirka 11,5 km<sup>2</sup>. Det er Tinnselva som fører vatnet frå det feltet.

Ved kryssing av Tinnelva ved ca pel 1140 (ny veg) er det etablert bru. Den eldre delen av denne bruhaugen er eit kulturminne, sjå bilde 5 og 6. Ved høg/svært høg vassføring i elva, er det to ekstra kulvertar/kisteveiter som tek unna vatnet i tillegg til hovudløpet. Den eine av desse kulvertane/kisteveitene er vist på bilde 6. Den andre kulverten er i betong.

Ved stikkrenne/kisteveit som er lokalisert ved ca pel 610, sør for avkjørsle til eigedomane 63/6, 63/7 med fleire, er det observert ein plastledning, sjå bilde 7. Det må undersøkast i byggeplanfasen om dette er vassforsyning til eigedomane på nedsida av vegen, eller om ledningen har ein annan funksjon. Ved etablering av ny veg må denne ledningen takast omsyn til.



**Figur 2 – Oversikt over stikkrenner langs fv 545 – til forbi Mjåbekkbrotet i sør, henta frå Statens vegvesen sitt vegkart.**



**Figur 3 – myrområde som har avrenning i kulvert under veg.**



**Figur 4 – avrenning fra myrområde gjennom betongkulvert.**



**Figur 5 – Tinnselva i tørrversperiode om sommaren.**



**Figur 6 – Bru over Tinnselva**



**Figur 7 – Stikkrenne/kisteveit ved avkørysle til eigedom 63/7 og 63/8. Det kan sjå ut som vassforsyning til eigedomane går gjennom.**



**Figur 8 – Kisteveit av denne sorten fins det fleire av på strekket, gjerne med betongrør på den eine sida av vegtraseen.**

### 3 Framtidig situasjon

Ved utbetring av fylkesvegen vil veglinja verte ein del justert, sjå figur 10. Det er planlagt å forlenge eksisterande stikkrenner ved etablering av ny veg og vidareføre bruk av opne grøfter. Stikkrennene må dimensjonerast for auke av nedbør med klimafaktor. Sjå teikning GH002 for planlagt løysing. Grøftene er grunna utbetring av vegstandard meir arealkrevande, og har betre plass til snølagring / avrenning. Berekingar på nedbørsfelt med nedbørsintensitet bør gjennomførast i byggeplanfasen.

I skille mellom ny og gamal veg ved plangrense i sør, er det lokalisert ei eksisterande stikkrenne. På synfaring såg denne ut til å vere plassert svært nær/på overgang mellom ny planlagt veg og eksisterande veg. Denne stikkrenna er tenkt forlenga/utbetra. I byggeplanfasen må det vurderast om denne fangar opp alt som kjem av overvatn i samband med endring av veglinja, eller om det må planleggast ei ekstra stikkrenne for å fange opp alt av overvatn.

Ved ca pel 130 er det foreslått plassert ei ny stikkrenne, dette grunna utforming av ny vegkropp med stor fylling på dette strekket. Vassføring frå denne stikkrenna kan vurderast forlenga mot eksisterande stikkrenne ved ca pel 85 i ein seinare fase av prosjektet.

Ved avkjørsle til eideomane 63/90, 63/91 med fleire ved ca pel 590 er det foreslått ei stikkrenne under avkjørsle, liggende langs fv 545.

Ved avkjørsle til parkeringsplass ved myr, ca pel 1315, er det planlagt ei ekstra stikkrenne, for å fange opp tilsig frå veggrøft. Denne stikkrenna vil ha same utløp som forlenging av eksisterande stikkrenne.


Ved avkjørsle til eideomane 54/1, 54/3 med fleire ved ca pel 1400 er det teikna inn ei stikkrenne under ny fv 545 for å sikre at vatn frå terrenget vert leda mot myr og vidare mot Tinnselva.

Rundt pel 1620 i nord er det planlagt ei langsgående stikkrenne under avkjørsle til eideomane på austsida av fylkesvegen.

I overgang mellom eksisterande veg og ny planlagt veg ved plangrense for utbetring av veg i nord, ved pel 1650, er det vist ei stikkrenne for å lede vidare det som evt er av vatn slik at det ikkje fløymer ut over vegbana ved kraftig regnver.



**Figur 9 – vegtrase vil gå gjennom furuskog nedanfor eksisterande trase ved Tinnselva. Ny kulvert vert etablert for å ta unna tilsig frå myrområde.**



**Figur 10 – eksisterende og planlagt vegtrase vist.**



**Figur 11 – eksisterande trase på strekninga - ny trase medfører meir skjæring grunna endra veglinje og større areal til grøft.**



**Figur 12 – her vil framtidig trase gå på innerside av eksisterande trase. Ved ca pel 200-260 ny veg.**

#### **4 Vedlegg**

Vedlagt dette notatet er følgande teikningar:

GH001 – Eksisterande situasjon - stikkrenner ved fv545

GH002 – Ny utbetra fv 545 – løysing for overvatn